Me er forbausa og fortvila over at barna ikkje kan sleppa unødige ferdsel på E16. Me er engstelege for borna våre, og meiner at kommunen her vél ei løysing som utset borna våre for ein urimeleg stor risiko og belastning.

Det finst eigna tomter for mellombels modulskule både på Dale og Vaksdal. Det ville vera fullt mogleg å etableramellombels skule først på Dale for deretter å flytta han dei to neste åra til Vaksdal innanfor dei økonomiske rammene kommunen opererer med. På den måten hadde borna våre kunna få ein trygg skulekvardag i sitt eige nærmiljø og unngått den farefulle ferda på E 16. Me er kritiske til kommunen si saksførebuing- og handsaming av saka om erstatningsskule/modulskule. Det vil me gjeregreie for vidare;

#### **Foreldra har ikkje blitt høyrde**

Forhold knytt til erstatnings-/modulskulen har hatt ingen eller svært lite fokus i dei kommunale sakspapira. Elevane og omsynet til deira tryggleik og velferd i den komande skulekvardagen har ikkje vore omtala i det heile. Me ser at vanleg prosedyre andre stader, er at FAU ved dei berørte skulane vert høyrde, og at ein skriftleg uttale vert lagt ved saka. Slik høyring er ikkje gjennomført ved barneskulane på Dale, Stanghelle og Vaksdal

Dette aspektet har kome heilt i skuggen av plassering og utforming av den nye skulen.

Ved ikkje å trekkja inn foreldra i ei så viktig avgjerd for bornavåre, meiner me foreldre at kommunen har brote reglane i opplæringslova § 13-3 d som pålegg kommunane ei plikt til foreldresamarbeid.

#### **Skulen har ikkje fått komme med uttale før valg av plassering**

Trivsel og læringsmiljø vil få nye utfordringar. Stanghelle elevane skal i første omgang blandast med Dale elevar. Deretter med elevane frå Vaksdal. Så blir dei aleine igjen, deretter samla med alle på ungdomsskulen. Kontinuerlege omstillingar blir utgangspunktet for alle med denne løysinga.

Det er personalet ved skulen som sit med all fagleg kunnskap knytt opp mot elevane i omstillingane. Det er dei som skal skapa nye pedagogiske plattformar fleire gonger på få år, ved valgt alternativ. Skulen skulle vore med i prosessen fråbyrjinga.


#### **Barna sin representant har ikkje uttalt seg i saka**

I Vaksdal kommune er det einingsleiar barnehage som er oppnemnd som borna sin representant. Planar og sak om mellombels modulskule gjeld i høgaste grad borna sine interesser. Me kan ikkje sjå at ho har vore involvert eller har fått uttalt seg om borna sine interesser i saka om mellombels modulskule. Dette meiner me er i strid med plan- og bygningslova § 5-1 om medverknad.



## Saka har ikkje vore tilstrekkeleg utgreidd

Torsdag 07.12.17 på føremiddagen gjekk det to ras i Brekkjensom er skuleveg for mange born på Stanghelle. Det første raset gjekk kl. 11.35 og det andre kl. 11.55. Same vegen er tenkt brukt til bussing av borna frå Dale og Vaksdal til modulskule på Stanghelle. Slik såg det ut torsdag føremiddag:



Me viser til følgjande oppslag på kommunen sin nettstad 07.12.17:

Geolog har vore på synfaring og melder om framleis rasfare. Det var ikkje mogeleg å gå opp med helikopter i dag. Det blir ny synfaring med geolog måndag. Vegen til Brekkjen og over Træshaugen blir heilt stengd til måndag, og berørte husstandar er kontakta direkte. Bustaden som er evakuert vil framleis vere dette til geolog har vore på synfaring måndag 11. desember.

Kommunen vil ha vakthald i rasområdet i perioden.

Einingsleiar for samfunnsutvikling seier til lokalavisa; at skulen ligg i eit rasutsattområde, og at dei tek dette på stort alvor

Dette som kjem fram her, viser to svært alvorlege aspekt i denne saka. For det første illustrerer saka med all tydelegheit at foreldra si sterke uro og motstand mot bussing av borna er velgrunna. Det gjekk ras 07.12.17, og nye ras vil heilt sikkert koma. Kjentfolk opplyser i tillegg at det heng ein stor stein oppe i fjellsida som trugar vegen og området på Brekkjen. Neste gong er det kanskje den som dett ned.

Det andre aspektet knyter seg til uttalen frå kommunen sin einingsleiar. Han fortel at kommunen veit at dette området er rasfarlig. Der er her skulebussen skal køyra fleire gongardagleg. Modulskulen vil meir enn dobla elevtalet på Stanghelle i fire år eller lenger.

Me kan ikkje sjå at det er opplyst eller greid ut om rasfaren i sakspapira om modulskulen. Altså har administrasjonen unnlata å gi ei særskilt viktig saksopplysning.

Me meiner at sak om mellombels modulskule ikkje har voreforsvarleg utgreidd slik kommunelova § 23 nr. krev.

## Norge har vedtatt FNs barnekonvensjon som norsk lov;

### Artikkel 3 – Barnets beste

1. Ved alle handlinger som berører barn, enten de foretas av offentlige eller private velferdsorganisasjoner, domstoler, administrative myndigheter eller lovgivende organer, skal barnets beste være et grunnleggende hensyn.

2. Partene påtar seg å sikre barnet den beskyttelse og omsorg som er nødvendig for barnets trivsel, idet det tas hensyn til rettighetene og forpliktelsene til barnets foreldre, verger eller andre enkeltpersoner som har det juridiske ansvaret for ham eller henne, og skal treffe alle egnede, lovgivningsmessige og administrative tiltak for dette formål.

3. Partene skal sikre at de institusjoner og tjenester som har ansvaret for barns omsorg eller beskyttelse, retter seg etter de standarder som er fastsatt av de kompetente myndigheter, særlig med hensyn til sikkerhet, helse, personalets antall og kvalifikasjoner samt kvalifisert tilsyn.

Me foreldre kan ikkje sjå at Vaksdal kommune med så mykjesom eit ord har trekt inn barnas beste i saka om mellombels modulskule. Me meiner at dette er eit brot på FNs barnekonvensjon.

## Vår kritikk mot kommunen si saksførebuing og saksutgreiing kan oppsummerast slik:

- Administrasjonen har ikkje informert kommunestyret om rasfaren ved Stanghelle skule og på Brekkjen som skuleveg.
- Rasfaren er høgst reell og overhengande, jf. rasa som gjekk 07.12.17
- Omsynet til borna sin tryggleik og velferd har ikkje voretema i saksutgreiingane i det heile tatt.
- Administrasjonen har ikkje oppfylt kravet i opplæringslova § 13-3 d som pålegg kommunen plikt til foreldresamarbeid
- Administrasjonen har ikkje involvert representanten for borna sine interesser i planlegginga av plasseringa av mellombels skule. Dette er ei sak som på ein heilt grunnleggjande måte gjeld borna sine interesser.
- Kommunen har ikkje vurdert saka i lys av barnets beste slik FNs barnekonvensjon krev.

Me meiner sentrale krav i i opplæringslova, plan- og bygningslova og kommunelova ikkje har blitt fulgt.

Beslutningsgrunnlaget som har var framlagt dei folkevalde har vore mangelfullt, noko som er i strid med kommunelova § 23 nr. 2.

Me ber om at Fylkesmannen i Hordaland ser nærare på korleis Vaksdal kommune har handtert saka om mellombels skule.

Sidan kommunen alt har lyst ut konkurranse om modulskulen på Stanghelle med tilbudsfrist 04.01.2018 og tek sikte på å kunningjere val av leverandør 26.01.2018, håpar me på rask behandling hjå Fylkesmannen.

Beste helsing

FAU Dale skule, FAU Vaksdal skule, FAU Vaksdal barnehage, FAU Stanghelle barnehage og foreldrerepresentanter Dale barnehage.

Sendt fra min iPad



## MØTEPROTOKOLL LEVEKÅRSUTVALET

**Møtedato:** 05.02.2018  
**Møtestad:** Heradshuset, Dale  
**Møtetid:** 09:00 - 12:30

### Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Hege Eide Vik	SP	Nestleiar
Anders Jin Risnes	AP	Medlem
Anneli Vatle Lilletvedt	H	Medlem
Brita Hesjedal Lunde	AP	Medlem
Evelyn Boge	SV	Medlem
Tom Charles Johnsen	MDG	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Heidi Rongved	AP	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Magne Hestad	AP	Heidi Rongved

### Andre møtande:

Kommunalsjef oppvekst Ann Kristin Bolstad,  
Kommunalsjef helse og omsorg Solrun Hauglum  
Einingsleiar helse og omsorg Silje-Iren Netteland Olsen  
Avdelingsleiar Barn og unge Jill Bru Johansen  
Politisk sekretær Sølvi Legård

## Saksliste

SAKSNR	TITTEL
01/2018	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
02/2018	GODKJENNING AV MØTEBOK
03/2018	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR
04/2018	REFERATSAKER OG MELDINGAR



**01/2018: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Levekårsutvalet 05.02.2018**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**LEV - sak 01/2018 Vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

---

**02/2018: GODKJENNING AV MØTEBOK**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

**Levekårsutvalet 05.02.2018**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**LEV - sak 02/2018 Vedtak:**

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

---

**03/2018: DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR**

- Orientering om hjelpemidelformidling
- Orientering om status i «Lev Vel i Vaksdal»

**Levekårsutvalet 05.02.2018**

**Behandling:**

- Orientering om hjelpemidelformidling
- Orientering om Omsorg+  
v/einingsleiar helse og omsorg Silje-Iren Netteland Olsen



- Tverrfagleg teneste barn og unge (Helsestasjon, PPT, Barnevern) / ungdomskontakt v/avdelingsleiar Barn og unge Jill Bru Johansen
- Status Sveabrekko - det er bestilt ei juridisk vurdering i saka
- Forskningsprosjektet MedvirkDem
- Kvalitetsforbetring og pasientsikkerhet v/kommunalsjef Solrun Hauglum

**LEV - sak 03/2018 Vedtak:**

Saka vert tatt til orientering.

---

**04/2018: REFERATSAKER OG MELDINGAR**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Referatsakene vert tatt til orientering.

**Levekårsutvalet 05.02.2018**

**Behandling:**

Framlegg frå Tom Charles Johnsen:

*Levekårsutvalet ber om å få utsendt orienteringene fra administrasjonen i forkant av møtet for å kunne sette seg bedre inn i sakene som skal informeres og kunne stille relevante spørsmål.*

Rådmannen sitt forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.  
Framlegget frå Tom Charles Johnsen vart samrøystes vedteke.

**LEV - sak 04/2018 Vedtak:**

Referatsakene vert tatt til orientering.

Levekårsutvalet ber om å få utsendt orienteringane frå administrasjonen i forkant av møtet for å kunne setje seg betre inn i sakene som skal informerast og kunne stille relevante spørsmål.

---



**SPØRSMÅL**

**Brita Hesjedal Lunde**

Om kva sikringstiltak som vert sett i verk vedk. transport av barn til modulskulen på Stanghelle  
Ber om å få ei orientering til neste møte i levekårsutvalet

**Tom Charlses Johnsen**

Om livskvalitet for innbyggjarane i Vaksdal kommune i samband med massedeponi for stein  
Det er usikkert om spørsmålet høyrer heime i levekårsutvalet, og bør heller takast opp i kommunestyret

**Anneli Vatle Lilletvedt**

Om bekymringsmelding vedk. leigeforhold i Sveabrekko  
Kommunalsjef helse og omsorg svarte



## MØTEPROTOKOLL

### RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE

**Møtedato:** 13.02.2018  
**Møtestad:** Heradshuset, Kommunestyresalen  
**Møtetid:** 14:00 - 15:00

**Møtedeltakarar:**

Medlemmer	Parti	Rolle
Frode O. Kallestad Dyvik	KRF	Utvalseiar
Anne Christin Eide	AP	Nestleiar
Kristin Lyngmo		Medlem
Ida Carlsen Eide Aabrek		Medlem

---

**Andre møtande:**  
Sølvi Legård, referent

---

### Saksliste

SAKSNR	TITTEL
01/2018	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
02/2018	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
03/2018	DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR
04/2018	REFERATSAKER OG MELDINGAR
05/2018	ÅRSMELDING 2017 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE



**01/2018: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 13.02.2018**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**RFF - sak 01/2018 Vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

---

**02/2018: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 13.02.2018**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**RFF - sak 02/2018 Vedtak:**

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

---

**03/2018: DRØFTINGAR/ORIENTERINGAR**

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 13.02.2018**

**Behandling:**

På grunn av sjukdom vart orienteringa utsett til neste møte.

**RFF - sak 03/2018 Vedtak:**

Orienteringa vert utsett til neste møte.





**04/2018: REFERATSAKER OG MELDINGAR**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Referatsakene vert tatt til orientering.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 13.02.2018**

**Behandling:**

Ida Carlsen Eide Aabrek vert påmeldt til å delta på SOR-konferansen. Leiaren tek kontakt med kommunalsjef Solrun Hauglum for påmelding. Påmeldingsfrist er 15. april

Frode O. Kallestad Dyvik og Ida Carlsen Eide Aabrek vert påmeldt til temadagen om Velferdsteknologi i regi av Råd for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland. Påmeldingsfrist er 5. mars.

Referatsakene vart elles tatt til orientering.

**RFF - sak 04/2018 Vedtak:**

Referatsakene vert tatt til orientering.

---

**05/2018: ÅRSMELDING 2017 RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Årsmeldinga vert godkjent slik ho ligg føre.

**Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 13.02.2018**

**Behandling:**

Årsmeldinga samrøystes godkjent.

Rådet ønskjer å få ei orientering om framdrift i arbeidet med tilkomst til Dale kyrkje.

**RFF - sak 05/2018 Vedtak:**

Årsmeldinga vert godkjent slik ho ligg føre.

---



**ANDRE SAKER**

- Rådet ønsker ei forklaring på kvifor det er ulike satsar på eigenandelen for trening med fysioterapeut i bassenget. Dette spørsmålet har Ida Carlsen Eide Aabrek og stilt til kommunalsjefen
- Rådet drøfta tilkomsten til parkeringa for funksjonshemma framfor heradshuset. Det kan vere vanskeleg å koma til plassane med store bilar når det er fullt med parkerte bilar langs fortauet
- Råder ber om at det vert montert speil i heisen i heradshuset. Heisen er for liten til at det går an å snu inni; rullestolbrukarar må difor rygga inn i heisen og då er det trong for speil
- Rådet ønsker å bli involvert i ombygginga av politisk del i heradshuset



## MØTEPROTOKOLL

### FORMANNSKAP/PLAN- OG ØKONOMIUTVALET

**Møtedato:** 26.02.2018  
**Møtestad:** Heradshuset Dale  
**Møtetid:** 09:00 - 11:35

**Møtedeltakarar:**

Medlemmer	Parti	Rolle
Sigmund Simmenes	SP	Varaordfører
Heidi Rongved	AP	Medlem
Anne Christin Eide	AP	Medlem
Bjørn Roald	H	Medlem
Kjartan Haugsnes	SV	Medlem
Jan Erik Bernes Roe	KRF	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Magne Hestad	AP	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Eirik Haga	AP	Magne Hestad

---

**Andre møtande:**

Konst. rådmann Åse Elin Myking  
Einingsleiar Samfunnsutvikling Willy Andre Gjesdal  
Politisk sekretær Sølvi Legård

---



## Saksliste

SAKSNR	TITTEL
13/2018	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
14/2018	GODKJENNING AV MØTEBOK
15/2018	TILDELING AV TILSKOT FRÅ SKOLEDIREKTØR JOHANNES NORVIK OG KONA ERNA NORVIKS FOND TIL NYDYR KING I VAKSDAL KOMMUNE (NORVIKFONDET) FOR 2017
16/2018	DEKKING AV KOSTNADER MED HEIDERSSYMBOL
17/2018	DELEGERING AV ØKONOMIFULLMAKT I SAMBAND MED KONTRAHERING AV NY BARNE- OG UNGDOMSKULE PÅ DALE
18/2018	SØKNAD OM AUKE I FESTEAVGIFTA
19/2018	UTVIKLING AV STAMNES SENTRUM - DRØFTINGSSAK



**13/2018: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.02.2018**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**FPØ - sak 13/2018 Vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

---

**14/2018: GODKJENNING AV MØTEBOK**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.02.2018**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**FPØ - sak 14/2018 Vedtak:**

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

---

**15/2018: TILDELING AV TILSKOT FRÅ SKOLEDIREKTØR JOHANNES NORVIK OG KONA ERNA NORVIKS FOND TIL NYDYR KING I VAKSDAL KOMMUNE (NORVIKFONDET) FOR 2017**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Som representantskap for «Norvikfondet», gjer formannskapet i Vaksdal kommune følgjande vedtak etter framlegg frå fondsstyret:

Føretaket Gaute Øvstedal får tildelt kr. 84 000,- i tilskot til gjennomført nydyrking av til saman 28 daa på gbnr. 65/1 og 2 (Nesheim) og gbnr. 63/1, 2, 3, 4 (Bindingsbø) i Eksingedalen, jf. saksutgreiinga.

Vedtaket er gjort med heimel i § 2 i fondsvedtektene.



**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.02.2018**

**Behandling:**

Samrøystes vedtak.

**FPØ - sak 15/2018 Vedtak:**

Som representantskap for «Norvikfondet», gjer formannskapet i Vaksdal kommune følgjande vedtak etter framlegg frå fondsstyret:

Føretaket Gaute Øvstedal får tildelt kr. 84 000,- i tilskot til gjennomført nydyrking av til saman 28 daa på gbnr. 65/1 og 2 (Nesheim) og gbnr. 63/1, 2, 3, 4 (Bindingsbø) i Eksingedalen, jf. saksutgreiinga.

Vedtaket er gjort med heimel i § 2 i fondsvedtektene.

---

**16/2018: DEKKING AV KOSTNADER MED HEIDERSSYMBOL**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Med bakgrunn i tilbod frå Steinriket Dale AS vert det løyvd kr 73 250 inkl. mva. til kjøp og oppsetjing av minnestein og minneplaketter.

Kostnaden vert å dekkja frå konto

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.02.2018**

**Behandling:**

Kostnaden vert å dekkja av midlar avsett til formannskapet sin disposisjon, konto 14900.1000.1000.

Samrøystes vedtak.

**FPØ - sak 16/2018 Vedtak:**

Med bakgrunn i tilbod frå Steinriket Dale AS vert det løyvd kr 73 250 inkl. mva. til kjøp og oppsetjing av minnestein og minneplakettar.

Kostnaden vert å dekkja av midlar avsett til formannskapet sin disposisjon, konto 14900.1000.1000.

---



**17/2018: DELEGERING AV ØKONOMIFULLMAKT I SAMBAND MED KONTRAHERING AV NY BARNE- OG UNGDOMSKULE PÅ DALE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

I samband med kontrahering av totalentreprenør for ny barne- og ungdomskule på Dale overfører kommunestyret fullmakta for kr 8,8 millionar frå formannskapet til byggenemnda. Fullmakta for kr 5 millionar vert overført frå byggenemnda til rådmann v/prosjektleiar.

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.02.2018**

**Behandling:**

Einingsleiar og prosjektleiar Willy Andre Gjesdal orienterte om prosjektet. Kjartan Haugsnes ba om at referata frå byggenemnda vert lagt fram for formannskapet.

Jan Erik Bernes Roe (KRF) ba om gruppemøte. Etter gruppemøtet gjorde Magne Hestad greie for gruppa sitt syn.

**Røysting:**

Tilrådinga vart vedteken mot 2 røyster (H, SV).

**FPØ - sak 17/2018 Tilråding:**

I samband med kontrahering av totalentreprenør for ny barne- og ungdomskule på Dale overfører kommunestyret fullmakta for kr 8,8 millionar frå formannskapet til byggenemnda. Fullmakta for kr 5 millionar vert overført frå byggenemnda til rådmann v/prosjektleiar.

---

**18/2018: SØKNAD OM AUKE I FESTEAVGIFTA**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

Vaksdal kommunestyre godkjenner slik auke i festeavgiftene:

Festeavgifta for kistegrav er sett til kr 250,- pr år pr grav, gjeldande frå 2018  
Festeavgifta for urnegrav er sett til kr 125,- pr år pr grav, gjeldande frå 2018

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.02.2018**

**Behandling:**

Kjartan Haugsnes ba om at sak om livssynsøytrale gravplass vert lagt fram for formannskapet.

Samrøystes vedtak.



**FPØ - sak 18/2018 Tilråding:**

Vaksdal kommunestyre godkjenner slik auke i festeavgiftene:

Festeavgifta for kistegrav er sett til kr 250,- pr år pr grav, gjeldande frå 2018  
Festeavgifta for urnegrav er sett til kr 125,- pr år pr grav, gjeldande frå 2018

---

**19/2018: UTVIKLING AV STAMNES SENTRUM - DRØFTINGSSAK**

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Formannskap/plan- og økonomiutvalet 26.02.2018**

**Behandling:**

Framlegg frå Kjartan Haugsnes, SV:

1. Saka vert avslutta.
2. Formannskapet ber arbeidsgruppa sjå etter andre prosjekt for å utvikle Stamnes sentrum.

Fellesframlegg fremja av Kjartan Haugsnes, SV:

*Formannskapet ber om at det vert fremja sak om utvikling av Stamnes sentrum for kommunestyret.*

Framlegg frå Magne Hestad, AP:

*Eigar av naust på Stamnes får ein siste frist på 2 veker til å godta Vaksdal kommune sitt tilbod. Takkar eigar nei til tilbodet, går kommunen vidare med andre prosjekt i Stamnes sentrum.*

**Røysting:**

Dei to framlegga vart sett opp mot kvarandre - Magne Hestad sitt framlegg fekk 6 røyster (AP, SP, KRF, H) og vart vedteke.

Fellesframlegget frå Kjartan Haugsnes vart samrøystes vedteke

**FPØ - sak 19/2018 Vedtak:**

*Eigar av naust på Stamnes får ein siste frist på 2 veker til å godta Vaksdal kommune sitt tilbod. Takkar eigar nei til tilbodet, går kommunen vidare med andre prosjekt i Stamnes sentrum.*

Formannskapet ber om at det vert fremja sak om utvikling av Stamnes sentrum for kommunestyret.

---





**Vaksdal kommune**

**SPØRSMÅL**

**Heidi Rongved**

Om snømåking inn til husværa på Jamnetunet  
Rådmannen v/einingsleiar Samfunnsutvikling svarte



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
17/2018	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	26.02.2018
15/2018	Kommunestyret	PS	12.03.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Willy Andre Gjesdal	FE - 614, FA - A20	16/1583

### DELEGERING AV ØKONOMIFULLMAKT I SAMBAND MED KONTRAHERING AV NY BARNE- OG UNGDOMSKULE PÅ DALE

#### Vedlegg:

Referat frå møte i byggjenemnd 20170830

Referat frå møte i byggjenemnd 20171204

Referat frå møte i byggjenemnd 20180109

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

I samband med kontrahering av totalentreprenør for ny barne- og ungdomskule på Dale overfører kommunestyret fullmakta for kr 8,8 millionar frå formannskapet til byggenemnda. Fullmakta for kr 5 millionar vert overført frå byggenemnda til rådmann v/prosjektleder.

#### Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 17/2018

#### FPØ - Behandling:

Einingsleiar og prosjektleder Willy Andre Gjesdal orienterte om prosjektet.

Kjartan Haugsnes ba om at referata frå byggenemnda vert lagt fram for formannskapet.

Jan Erik Bernes Roe (KRF) ba om gruppemøte.

Etter gruppemøtet gjorde Magne Hestad greie for gruppa sitt syn.

#### Røysting:

Tilrådinga vart vedteken mot 2 røyster (H, SV).

#### FPØ - Tilråding:

I samband med kontrahering av totalentreprenør for ny barne- og ungdomskule på Dale overfører kommunestyret fullmakta for kr 8,8 millionar frå formannskapet til byggenemnda. Fullmakta for kr 5 millionar vert overført frå byggenemnda til rådmann v/prosjektleder.

## Saksopplysningar:

Kommunestyret fatta i møte den 23. oktober 2017 (sak 70/2017) følgjande vedtak (*i kursiv*):

*Med utgangspunkt i rådmannen si innstilling – alternativ 4 – til byggeprogram og kostnadsramme fastset kommunestyret:*

1. Summen avsett til uføresett vert kr. 16,8 mill. (*reduisert frå 19,6 i rådmannen sitt framlegg.*)

2. Kostnadsramma (alternativ):

	Alt. 4iii
Skule K250 med:	
• 25 m basseng	+ 25 mill.
• Aud./kult.sal. for 250	+ 15 mill.
Kostnadsramme	262,5 mill.

3. Kommunestyret forventar ei streng økonomistyring i prosjektet.

Når det gjeld disponering av summen til uføresett får:

- prosjektleiar fullmakt til å disponere inntil kr. 3,0 mill.
- byggenemnda fullmakt til å disponera kr. 5,0 mill.
- formannskapet fullmakt til å disponera kr. 8,8 mill.

4. Totalentreprenør og underentreprenører skal ha tariffavtale.

5. Alle utførande firma skal vera godkjende læreverksemder. Det skal nyttast lærlingar i gjennomføringa av byggeprosjektet.

6. Modulskule

For barnetrinnet vert det etablert ein mellombels modulskule på Stanghelle i byggeperioden 2018 – 2020	
0,6 mill.	Tilrettelegging tomter
4,9 mill.	Til- og nedrigging
2,9 mill.	Leige modulskule (større)
4,0 mill.	Skysskostnader
6,0 mill.	Driftskostnadar skule
1,7 mill.	Usikkerheit
20,1	TOTALT

Modulskule vert nytta for Vaksdal skule 2020 – 2022

Val av løysing for midlertidige lokale/modulskule vert å sjå i samanheng og med nybygg/rehabilitering Vaksdal skule som vedteke sak 60/16 og i økonomiplan 2018 – 2021.

7. Rådmann vert beden om å utarbeide eit forprosjekt for felles kollektivterminal for Dale sentrum og ny skule.

8. Barnas representant, einingsleiar Barnehage deltek i begge skuleprosjekta, Dale og Vaksdal.

*Barnas representant skal ivareta barns interesser i høve slike prosjekt, jfr. Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging*

*9. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne skal vere høyringsinstans og involverast i skuleprosjekta Vaksdal kommune 2017 – 2022, jfr. Politisk styringssystem og delegasjonsreglement Vaksdal kommune. «Ta del i planprosessar vedkommande kommunale bygg (nybygg og ombygging).»*

*10. Kommunestyret ber om at det vert teke omsyn til gode miljømessige løysingar og at ein tilstrebar eit minst mogleg fotavtrykk. Energiløysingar vert og valt ut frå omsyn til bærekraft og levetid på bygget.*

#### Framdrift og fristar

For å klargjera E-bygget på ungdomskulen til skulestart august 2018 er det naudsynt at rivingsarbeida tar til i siste del av juni 2018. Dette inneber at tildeling av kontrakt må finne stad i fyrste veka i mai. Det er planlagt å gjennomføre forhandlingar med totalentreprenør for bygging av ny barne- og ungdomsskule på Dale i siste halvdel av april 2018.

I samband med forhandlingane er det trong for å vurdere økonomifullmakt til byggenemnd og prosjektleiing for å sikre tilstrekkeleg handlingsrom og framdrift.

Dale barne- og ungdomskule er delt opp i 13 ulike entrepriser, jf orientering i FPØ. I tabellen under er anslag og inngåtte kontraktar for dei ulike entreprisane samanstillt per 15. februar 2018.

Økonomistyring for investeringsprosjekt i samband med ny barne- og ungdomskule på Dale:

Entreprise	Estimat kontrakt mill. kr	Kontrakt mill. kr	Avvik	Kontraks- andel DBU mill. kr	Styrings- ramme PL mill. kr
1 Modulskule Stanghelle	6,00	8,52	-2,52	4,26	4,54
2 Styring og overvaking	0,90			1,00	1,07
3 Trafikktryggleik og grunnarb. Stanghelle	0,90			0,60	0,64
4 Ny barne- og ungdomskule	196,00			211,85	225,75
5 Fornying av VA Dale	5,60			0,00	0,00
6 Ombygging ungdomskule	0,70			0,80	0,85
7 Ombygging Stanghelle skule	0,50			0,25	0,27
8 Kollektivterminal Dale				0,00	0,00
9 Uteområde Stanghelle skule	0,30			0,15	0,16
10 Sfo Turbinen	0,20			0,20	0,21
11 Uteområde Turbinen	0,90			0,00	0,00
12 Møblering modulbygg	0,50			0,25	0,27
13 Inventar og lyd/lys nye Dale busk	6,70			7,20	7,67
<b>SUM</b>	<b>219,20</b>	<b>8,52</b>	<b>-2,52</b>	<b>226,56</b>	<b>241,43</b>

	Delsum	Akkumulert
Inntekt spelemidlar	-11,20	230,23
Byggenemnd	5,00	235,23
Formannskap	8,80	244,03
Prisstigning	9,30	253,33
Byggelån	9,16	262,50

For modulskulen på Stanghelle er finansieringa delt med 50 % på ny Dale barne- og ungdomskule og 50 % på tilbygg Vaksdal skule. Delprosjekt 5, fornying av leidningsnett for vatn og avløp i Dale sentrum, vert finansiert som sjølvkost vassforsyning og avløp. Delprosjekt 11, uteområde Turbinen, vert finansiert som nærmiljøanlegg (tippemidlar med kommunal eigenandel).

Ut i frå erfaring bør kontraktsum vere minimum 7,5 % lågare enn kostnadsramma for å ha tilstrekkeleg marginar i byggetida.

Kostnadskalkyla i byggeprogrammet for ny skule er på 218,5 mill. kroner, då er byggherrekostnader på 5,8 % inkludert.

Av totalramma er 7,5 % satt av for å ha marginar i byggetida. Ut i frå kostnadsbiletet per 15. februar 2018 kan ein inngå kontrakt for ny skule på Dale til ein verdi av 198 millionar. Inkludert i dette er fullmaktene gitt til byggenemnda kr 5 mill og formannskapet kr 8,8 millionar.

Manglande fullmakt og tidspress kan bli ein utfordring når hovudanbod kjem inn for ny skule og ein skal gjennomføre forhandlingar. I forhandlingsfasen på kring 2 veker i slutten av april vil det vere eit føremon at prosjektleiinga og byggenemnd har tilstrekkeleg handlingsrom til gjennomføre forhandlingane på ein ryddig måte samt å tildele oppdrag innanfor reglane om offentlege i anskaffingar.

Framdrift for kontrahering av ny barne- og ungdomskule er i stor grad styrt av tidsfristar i forskrift om offentlege anskaffingar og samanstillt i tabellen under:

AKTIVITET	DATO
Kunngjoring i Doffin/TED	15.01.2018
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunlagets kvalifikasjonsdel	06.02.2017 kl. 12:00
<b>Frist for å levere forespørsel om å delta</b>	16.02.2018 kl. 12:00
Evaluering av kvalifikasjonskrav/utvelgelse	Uke 8-9
<b>Utsendelse invitasjon til å inngi tilbud</b>	06.03.2018
Eventuell tilbudskonferanse	12.03.2018 kl. 12:00
Referat fra tilbudskonferansen gjøres tilgjengelig for leverandørene	14.03.2018
Frist for å stille spørsmål til konkurransegrunlagets tilbudsdel	21.03.2018 kl. 12:00
<b>Tilbudsfrist</b>	10.04.2018 kl. 12:00
Tilbudsåpning (tilbyderne kan ikke være tilstede)	10.04.2018
Tilbudsevaluering	Uke 15-16
Forhandling	Uke 16-17
Kontraktstildeling	02.05.2018
Karensperiode	14.05.2018
Kontraktsignering	23.05.2018
<b>Vedståelsesfrist</b>	28.09.2018

### Vurdering

Prosjektet er omfattande og har særskilte knappe tidsrammer for å halde framdrifta slik den er vedtatt. Tilstrekkeleg fullmakt i forhandlingsprosessen kan vera avgjerande for å framforhandle ein avtale med ønska framdrift. Byggenemnda har høve til å vera tett på i denne prosessen.

Rådmannen rår til at kommunestyret overfører fullmakta for kr 8,8 millionar frå formannskapet til byggenemnda og kr 5 millior frå byggenemnda til rådmann v/prosjektleiar.



Willy Andre Gjesdal

**Referanser:**

Dykkar:  
Vår: 16/1583 - 17/6448

**Saksbehandlar:**

Magne Rønning Eikeland  
magne.ronning.eikeland@vaksdal.kommune.no

**Dato:**

04.09.2017

## Referat frå møte i byggjenemnd 30/08 2017

Stad: Møterom i 4. etasje i Heradshuset

Tilstade	Rolle
Eirik Haga	Formannskapet
Willy-Andrè Gjesdal	Prosjektleder
Magne Rønning Eikeland	Samfunnsutvikling
Ann Kristin Bolstad	Kommunalsjef oppvekst
Magnar Helland	Einingsleiar skule
Jan Erik Bernes Roe	Formannskapet
Torill Tverberg	Rambøll
Lars Jarle Nore	Rambøll

1.

Rambøll presenterte status for byggeprogram, kva innspel som var kome inn og alternativ ein jobbar med.

- Tal på elevar mellom ungdomsskulen og barneskulen vart bytta om
- Auditorium/kulturskulen krev dagslys, samt løysing for sekretær i 40% stilling
- Ein utredar to forskjellige størrelsar for auditorium/kultursal, ein med plass til 250 og ein med plass til 120
- Symjehallen er ein stor utfordring i prosjektet og ein utredar fleire alternativ for å finne den beste løysinga.
- Ein jobbar med kollektivterminal, men dette er framleis i ein tidlig fase.

**Post**

post@vaksdal.kommune.no  
Konsul Jepsensgt. 16, 5722 Dalekvam

**Kontakt**

www.vaksdal.kommune.no  
Telefon +47 56 59 44 00  
Telefaks +47 56 59 44 01

Konto  
Org.nr. 961 821 967

2.

Førebelse skisser for den nye skulen ble presentert. Disse var framleis i ein tidleg fase, men viste fordeling av rom og tenkt plassering. Kor det i utgangspunktet var tenkt å nytte barneskulen som midlertidig skule under byggetida, var skissene basert på å nytte ungdomsskulen. Skissene av skulen var basert på nærleiksdiagrammet, plassering av symjehall og ønskelig plassering av areal. Brukerane får tilsendt teikningane og kjem med tilbakemelding. Det ble presisert at teikningane skulle haldas internt.

Alternativ D kor ein behaldar ungdomsskule, realskulen og symjehallen er blitt sett på som eit alternativ, men er uinteressant å ta med vidare grunna høye driftskostnader.

Det er òg viktig at det blir tatt omsyn til mogleg utviding av skulen.

3.

Prosjektet er etter framdriftsplanen. Framdrift for moduls skulen er lagt inn i planen som ein kan finne på lbinder.

4.

Modulskulen blir anbefalt plassert på Stanghelle grunna kostnader. Ein slik løysing vil òg gjere det mogleg å sjå midlertidig skule for Dale barne- og ungdomsskule i samanheng med midlertidig skule for prosjektet for tilbygg og ombygging av Vaksdal skule.

5.

Prosjektet skal opp i formannskap og kommunestyret i oktober. Innan dette skal Rambøll komme med ein anbefaling for symjehall, samtidig som ein har utreda alternativ for symjehall og auditorium/kultursal.

6.

Kalkyle for prosjektet ble presentert. Det var noen ulike alternativ basert på forskjellige løysingar for auditorium/kultursal og symjehall. Kalkylane er mellombelse, Rambøll skal vidare gå grundig gjennom kalkylane, spesielt for symjehall. Ein skal òg sjå på det totale kostnadsbillete.

7. Det blir ikkje nytt møte i byggjenemnd før skulen, symjehallen og auditorium/kultursalen har vært oppe politisk.

Med helsing

Magne Rønning Eikeland  
Prosjektleder

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.*



**Mottakarar:**

Ann Kristin Bolstad

Eirik Haga

Jan Erik Bernes Roe

Magnar Helland

Torstein Mehus

Willy Andre Gjesdal

Haugane 12

5724

STANGHELLE



Eirik Haga

**Referanser:**

Dykkar:  
Vår: 16/1583 - 17/8490

**Saksbehandlar:**

Magne Rønning Eikeland  
magne.ronning.eikeland@vaksdal.kommune.no

**Dato:**

07.12.2017

## Referat frå møtet i byggjenemd 04.12 2017

Stad: Møterom i 4. etasje i Heradshuset

Tilstade	Rolle
Eirik Haga	Formannskapet
Willy-Andrè Gjesdal	Prosjektleder
Magne Rønning Eikeland	Ass. Prosjektleder
Magnar Helland	Einingsleder skule
Torstein Mehus	Leiar for kommunalteknisk drift
Jan-Erik Bernes Roe	Formannskapet
Ann Kristin Bolstad	Kommunalsjef oppvekst
Torill Tverrberg	Rambøll Norge
Lars Jarle Nore	Rambøll Norge

Agenda for møtet:

- 1.. Status
- 2.. Framdrift
- 3.. Dale barne og ungdomsskule med skisser
- 4.. Modulskule på Stanghelle med skisser
- 5.. Økonomistyring
- 6.. Rapportering
- 7.. Neste møte
- 8.. Ymse

1. Status

Det var møte i formannskapet 04.12.2017, kor plassering av modulsskule var på saklista. Plassering ble oppretthaldt vedtatt på Stanghelle.

**Post**

post@vaksdal.kommune.no  
Konsul Jebsensgt. 16, 5722 Dalekvam

**Kontakt**

www.vaksdal.kommune.no  
Telefon +47 56 59 44 00  
Telefaks +47 56 59 44 01

Konto  
Org.nr. 961 821 967

For hovudprosjektet er ein ferdig med programmeringsprosessen og er godt inne i skisseprosjektet, samt starta på utarbeiding av konkurransegrunnlag. Alle funksjonar er lagt til bygget og siste plasseringar blir gjennomført. Badstue er kome inn som eit element den siste veka.

Modulskuleanbod er ute og 05.12 er det synfaring for entreprenørar ved Stanghelle skule. Innlevering av tilbod er 04.01.18.

Konkurransegrunnlaget for hovudprosjektet, Dale barne- og ungdomsskule utarbeider Rambøll og sendar Vaksdal kommune si prosjektleiing innan 10.01.

Det er også mindre prosjekt i prosjektet, deriblant ombygging av ungdomsskule, ombygging på Stanghelle og arbeider ved turbinen. For modulskulen på Stanghelle er det opprette ein arbeidsgruppe med tilsette og FAU frå Dale, Stanghelle og Vaksdal skule, samt lokale lag og organisasjonar.

Det er også eit prosjekt som går på flytting av bebuarar i skulegata 35/37 kor ein har plan for alle og er i rute med omsyn til framdrift.

## 2. Framdriftsplan

Framdriftsplanen ligger på lbinder. Magne inviterer dei som ikkje er deltakar i ringpermen.

Framdriftsplanen inneheld framdriftsplan for fleire delprosjekt/entreprisar.

2.1. Nytt toppsystem for Daletunet, Dale barne- og ungdomsskule og VA er i prosess. Det finansieras 25% på Daletunet, 25% på Dale barne- og ungdomsskule, 25% på vann og 25% på avløp.

2.2. Konkurranse på modulsskulen er lyst ut med innlevering 04.01.2018. Det er krav til tidsfristar som ein må forholde seg til ved offentlege anbod.

Det er satt kvalitetskrav til modulskulen kor ein blir trekt i evalueringa ved dårleg kvalitet. I verste fall kan tilbydar bli avvist.

Overlevering for modulskulen er 29.06.2018

Det er lagt inn opsjon på leige utover dei to åra kor Daleelevane skal gå ved skulen. Dette er med tanke på prosjektet på Vaksdal. Her er omfanget og behovet for mellombelse skule usikkert. Derfor ligger det inne opsjon på 1 år + 6 månader + 6 månader.

For Dale barne- og ungdomsskule er det ein stram framdrift. Prosjektleiinga og Rambøll har hatt fleire rundar for å syte for at prosjektet er gjennomførbart. Det er mindre rom for slark og delfristane og milepælane er viktig å halde framover. Konkurransegrunnlaget skal vere sendt til gjennomsyn til Vaksdal kommune 10.01.2018. Tidligere skulle dette vere sendt inn seint i januar, men med ein slik framdrift vil ein få problem med å rive nok før skulestart haust 2018. Ettersom ungdomsskulen skal vere i bruk frå skulestart haust 2018 og gjennom heile byggeprosessen, må bygningsmasse rundt dette bygget være fjerna før skulestart. Kommunalsjef for oppvekst stadfestar at prosjektet har lengre tid til rådighet enn tidligare antatt. Siste skuledag vil vere 13.06 og fyste etter sumarferien er 27.08.

Møblering av skulen vil truleg vere ein eigen anskaffing, det gjer oss meir tid, samtidig som ein har større sikkerheit for å få det ein ser for seg. Rambøll anbefaler at det blir eigen anskaffing. Elles er

fastmontert møblement med i hovudentreprise. Deler av kultursalen må kanskje tas ut for å sikre kvalitet. Rambøll vil gjennomgåande sikre at omsyn til møblement blir ivaretatt.

Det har vært diskutert om det skulle vere ein eigen riveentreprise. Dette var for å sikre framdrifta ved prosjektet. Det er derimot konkludert med at det er større usikkerheit ved ein slik løysing, samtidig som avhengigheitar gjer at det vil vere mindre å hente på framdrift.

- 2.3. Tilretteleggingsarbeider Stanghelle skal gjennomførast før modulskulen skal etableras. Det skal kommunen gjere noko av arbeidet sjølv, mens noko skal ut på konkurranse. Det er opprette ein arbeidsgruppe bestående av tilsette og FAU ved barneskulen på Dale, Vaksdal og Stanghelle og lag og organisasjonar i tilknytning til Stanghelle aktivitetspark. Målet for arbeidsgruppa er å trygge tilkomst til Stanghelle skule og kome med innspel på kva tiltak ein må gjennomføre for å syte for eit godt uteområde for elevane.
- 2.4. Tilretteleggingsarbeider på Dale gjelder omlegging av VA og strømforsyning, samt ombygging i ungdomsskule og SFO for mellombelse drift.
- 2.5. Kollektivterminal er uskilt som eit eget prosjekt, men må likevel sjåast i samanheng med prosjektet for Dale barne- og ungdomsskule. Her blir det sett på fleire løysingar, da det er enda i ein tidleg fase.

### 3. Dale barne- og ungdomsskule med skisser

Bygget var tidligare i 3 etasjar i ungdomsskulefløya. Dette var gjort for å skape fysisk progresjon og gjøre det litt ekstra å vere eldst og nærme seg slutten på ungdomsskulen. Problemet med ein slik løysing var at det var vanskelig å få areala til å gå opp og bygget ble mindre effektivt. Ved å gå ned til to etasjar ble areala effektivisert, samtidig som det gav moglegheiter for å utvide skulen i begge fløyer. Slik er skulen både forberedt på vekst og stagnasjon. Bygget projekteras for framtidig utviding i høgda.

Kultursalen har sitteplasser til 250 personar, inkl. galleri og stoler framfor skyveamfiet. Dette er musikkråd og kulturskulen innforstått med og er veldig fornøyd med løysinga som er skissert. Det er toalett i tilknytning til samfunnsfunksjonane.

Badstue er lagt inn til i kvar av garderobane i symjehallen etter innspel.

*Badstue er ikkje noko skulen kjem til å bruke, men dei skal ikkje stå i vegen for ein løysing med badstue. Elles kom det innspel på at eit slik flott anlegg bør ha badstue.*

Læringsareal er baserom med tilhøyrande grupperom og multirom. Skulene, trinna og klassene er naturleg skilt gjennom bygget. Dei har forskjellige inngangar, forskjellig side av bygget og forskjellige garderobar.

Pauserom til lærarar er i tilknytning til balkong som også kan opnas som en samfunnsfunksjon. Der er det også åtgang til toalett til administrasjonen som kultursalen kan bruke ved kveldstid.

Arbeidsplassane ble gjennomgått, med tilhøyrande stillerom og møterom.

*Det kom innspel på om kopimaskin bør/må ha eget rom?* Rambøll sjekkar om dei må ha eget rom. Skulen diskuterer om dei bør vere på eget rom, eventuelt om det skal vere mindre kopimaskiner på arbeidsromma og ein med større kapasitet på eget rom.

Symjehall ble vist med rampe ned til underetasjen. Skissert løysing var ikkje for bratt så lenge det ikkje er glatt. *Det kom innspel på om ein kunne ha klortank til fylling, framfor å transportere pallar med klor til symjehallen.* Rambøll undersøker ang klortank.

Tak/3. etasje ble vist med ventilasjonsrom. Trappeløpet i barneskulen går også heilt opp på taket med trapp og heis. Det skal skisseras inn overbygg mellom ventilasjonsrom og overbygg.

Skissa viser tak med fall, men ein ikkje treng å gjøre mye med ved eventuelt påbygg. *Drift ønsker ikkje flatt tak.*

Fasaden er uferdig, men det er tenkt teglfasade med noe tre. Det er mykje glas i fasaden og ekstra mykje i inngangspartiet

- *Drift ønsker ein fasade som ikkje krev for mykje reinhald. Det må vere ein glatt finish som ein kan høgtrykkspyle.*
- *Formannskapet meiner inngangspartiet må vere innbydande og skilje seg ut. Inngangspartiet og fasaden rundt det må ønskje folk velkommen*
- *Det kom innspel om at fasaden på Dale må vere lys.*

Rambøll jobbar vidare med fasaden. Dei ser også på om innhukket bak skulen skal ha en fasade som er lettare å halde rein.

Rambøll tek i vare solskjerming, spesielt i sør og aust.

For Dale barne- og ungdomsskule gjenstår uteområdet. Det vil bli invitert til opent innspelsmøte 12.12.

Det har vert møte med rådet for menneskjer med nedsett funksjonsevne, som var fornøyd med planane for den nye skulen.

Det er arrangert møte med arbeidstilsynet fredag 01.12.17 som går på sosial dumping. Dette er eit rettleiingsmøte.

Det skal vere møte med AMU i desember.

Det er arrangert møte med miljøretta helsevern 07.12.17. I tillegg til den nye skulen, vil dei også vere veldig interessert i byggeperioden.

Det er utarbeida romprogram og skisser for ombygging av ungdomsskulen slik den skal brukas i byggetida. Disse planane er ikkje heilt ferdige enda, men ein jobbar også med eit alternativ der det skulle vise seg at arealet i ungdomsskulebygget vil vere for lite. Her er bankbygget og kurscenteret sett på som aktuelle areal.

#### 4. Modulskule på Stanghelle

Planskisser og utomhus for modulsskule på Stanghelle ble vist.

## 5. Økonomistyring

Det skal utviklast rapporterings- og prosjektstyringsverktøy for å følgje opp økonomien i prosjektet. Det vil dele opp prosjekta i prosjektet og ha kontroll på økonomien og finansiering for kvart enkelt prosjekt. Slik vil ein tidleg kunne avdekke dersom økonomien i prosjektet er for liten. Prosjektstyringsverktøyet vil bli presentert i neste møte i byggjenemnd.

Prosjektleiing presiserer at styringsramma er streng og at det vil kunne by på problem dersom det kjem mange endringar frå entreprenøren. Det kan skape problem dersom styringsramma er brukt opp, og det kan skape problem dersom endringar må politisk handsamas.

Styringsramme i prosjektet er nå på 7,5% fordelt.

- 3,0 millionar prosjektleiar
- 5,0 millionar byggjenemnd
- 8,8 millionar formannskapet

Rambøll presiserer at det er en uvanlig liten sikkerhetsmargin. Rambøll ville anbefalt ein sikkerhetsmargin på 15%. Nå som marginen er liten, blir det raskare problem dersom det kjem endringar og det er viktig at ein allereie no forbereder seg på eventuelle utfall.

Perioden mellom innkomne anbud og riving er veldig hektisk og framdrifta er viktig for å nå start for riving. Dersom det kjem inn anbud som er høgare enn kva som er forventa, må ein planleggje korleis dette vert handsame. Om anbudet stel heile sikkerhetsmarginen utan ytterligare finansiering, vil ein ikkje råde til å starte prosjektet.

Rambøll forslår at ein skapar seg fridom i konkurransegrunnlaget til å ta raske avgjerd, spesielt i perioden frå anboda kjem inn til signering av kontrakt. Dersom finansiering blir eit problem må ein sjå på korleis ein kan redusere utgiftene. Det er da forslått å innhente ein opsjon på symjehall på 12,5 m. Dersom ein forhandlar fram dette i ettertid kan det komme i konflikt med lov om offentlege anskaffelser.

## 6. Rapportering

Det kom innspel på at det no er viktig å skape eit engasjement rundt prosjektet. Det har vert mykje diskusjonar rundt plassering av skule og plassering av modulsskule og mykje negativitet har kome fram. Derfor er det viktig å rette fokus mot mål og det positive. Ein prøvar å få til orientering i kommunestyret 18.12. Thomas Joe Evetts frå Rambøll bør kome og presentera bygget i 3D.

## 7. Neste møte

Neste møte er 3. jan 2018 kl. 13:00

## 8. Ymse

Innspel til referat blir gjennomgått i møte 3. jan

Med helsing

Magne Rønning Eikeland  
Prosjektleiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.*

**Mottakarar:**

Ann Kristin Bolstad  
Eirik Haga  
Jan Erik Bernes Roe  
Lars Jarle Nore  
Magnar Helland  
Torill Tverrberg  
Torstein Mehus  
Willy Andre Gjesdal

Haugane 12

5724

STANGHELLE



Eirik Haga

**Referanser:**

Dykkar:  
Vår: 16/1583 - 18/634

**Saksbehandlar:**

Magne Rønning Eikeland  
magne.ronning.eikeland@vaksdal.kommune.no

**Dato:**

01.02.2018

**Referat frå møte i byggjenemnd  
09.01.2018**

Stad: Møterom i 4. etasje i Heradshuset

Tilstade	Rolle
Willy-Andrè Gjesdal	Prosjektleiar
Magnar Helland	Rektor Dale barne- og ungdomsskule
Jan Erik Bernes Roe	Formannskapet
Ann Kristin Bolstad	Kommunalsjef oppvekst
Torstein Mehus	Leiar for kommunalteknisk drift
Magne Rønning Eikeland	Ass. prosjektleiar

Ikkje tilstade	Rolle
Eirik Haga	Ordførar
Sigmund Simmenes	Fungerande ordførar

**Agenda:**

1. Godkjenning av møtereferat
2. Utført sidan førre møte
3. Økonomistatus
4. Vidare arbeid
5. Neste møte
6. Ymse

**1. Godkjenning av møtereferat**

Møtereferatet ble godkjent utan merknader.

**Post**

post@vaksdal.kommune.no  
Konsul Jebsensgt. 16, 5722 Dalekvam

**Kontakt**

www.vaksdal.kommune.no  
Telefon +47 56 59 44 00  
Telefaks +47 56 59 44 01

Konto  
Org.nr. 961 821 967



## **2. Utført sidan førre møte**

Det har vært gjennomført foreldremøter på Dale og Vaksdal. På disse møta har det blitt informert om modulskule på Stanghelle, samt hatt idémyldring for uteområdet for nye Dale barne- og ungdomskule.

Det er kome inn to tilbod på prosjektet for modulskule på Stanghelle. Tilboda er frå Cramo Adapteo AS og Wexus gruppen AS. Prosjektleiinga evaluerer tilbod og tildeler oppdraget mot slutten av januar.

Anskaffing av toppsystem, styring og overvaking, har tilbodsfrist 19. jan. Det er eit felles prosjekt for styring og overvaking av bygg og vann og avløp. Det er finansiert av Dale barne- og ungdomsskule, Daletunet, vann og avløp. Gjennom toppsystemet skal ein kunne styre og overvake varme, strøm, ventilasjon, automatikk og lokale styringsanlegg og vann- og avløpsnett.

Tilretteleggingsarbeid og trafikksikringstiltak på Stanghelle inneberer blant anna utviding av veg, fortau, parkeringsplass for tilsette ved skulen, tilkomst og tilrettelegging for modultransport. Prosjektleiinga vil gjere ein førespurnad mot aktuelle entreprenører for arbeida så snart som mogleg.

Hovudanbodet på Dale barne- og ungdomsskule blir sendt til kunngjering 15. januar. Her lyser ein først ut konkurranse på prekvalifisering, før ein vel 3-5 entreprenørar som skal få lov til å gje anbod på oppdraget. Deretter vil ein gjennomgå forhandlingar og tildele i mai. Det vil rundt veke 16 vere veldig hektisk. Da kjem anboda inn, dei skal evaluerast og det skal forhandlas om delar av tilbodet. Det er viktig med ein beredskapsplan dersom anboda overstig marginane.

Som følgje av riving og bygging av skule, skal ein legge om vann og avløp rundt skulen. Prosjekt «VA-Leidningar Skulegata» tar for seg ny vann-, spillvann- og overvannsledning frå Dalseidvegen, inn Lauvgardvegen, opp Skulegata og opp til tomegrensa mot Holhovden for Dale barne- og ungdomsskule. Deler av dette må være ferdig før entreprenøren begynner å rive i juni.

## **3. Økonomistatus**

Det er utarbeida ein økonomioversikt som viser dei ulike prosjekta i prosjektet. For kvart prosjekt er det satt blant anna opp når ein kontraherer, samt estimert og reel kontraktsverdi. Slik skal ein gjennom heile prosjektet kunne ha oversikt på kostnadene. Dei innkomne tilboda på modulskulen viser at kalkylen treff greitt.

Oversikta skal tidleg kunne avdekke om prosjektet skulle ha for lavt budsjett. Det er da viktig at ein er forberedt på ein slik hending. Det er lagt inn ulike opsjonar i konkurransegrunnlaget som vil kunne gje spelerom i perioden. For enkelte scenario vil det vere naudsynt med handsaming i kommunestyret, og det bør allereie no meldas inn dersom det kjem sak til politisk handsaming.

## **4. Vidare arbeid**

Det er etablert arbeidsgruppe for modulsule på Stanghelle. I den sit tilsette frå Dale barne- og ungdomsskule, Stanghelle skule og Vaksdal skule, samt FAU-representantar frå foreldregruppene ved dei ulike skulene.

Vurdere tilboda på modulsule, her er det motteke tilbod med to forskjellige planløyningar. Det skal gjennomførast innan kommande veker.

Utlysing av anbod i høve til økonomioversikta.

## 5. Neste møte

Neste møte er 07. mars kl. 13:00 – 15:00. Dette møte skal deriblant ha fokus på korleis ein skal skape engasjement rundt prosjektet.

Deretter vil neste møte vere 24. april, same tid og same sted.

## 6. Ymse

- Spørje om Rambøll kan kome i Kommunestyret 12.02 og presentere skissene for nye Dale barne- og ungdomsskule
- Skape engasjement rundt prosjektet, gjennom blant anna redaksjonelt oppslag i Vaksdal Posten i slutten av Januar

Med helsing

Magne Rønning Eikeland  
Prosjektleder

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.*

### Mottakarar:

Ann Kristin Bolstad

Eirik Haga

Jan Erik Bernes Roe

Magnar Helland

Sigmund Simmenes

Torstein Mehus

Willy Andre Gjesdal

Haugane 12

5724

STANGHELLE

Toskedalsvegen 1080

5727

STAMNES





## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
18/2018	Formannskap/plan- og økonomiutvalet	PS	26.02.2018
16/2018	Kommunestyret	PS	12.03.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Elin Myking	FA - D40	16/1384

### SØKNAD OM AUKE I FESTEAVGIFTA

#### Vedlegg:

Kyrkjeleg fellesråd - Søknad om auke av festeavgift frå 2018

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommunestyre godkjenner slik auke i festeavgiftene:

Festeavgifta for kistegrav er sett til kr 250,- pr år pr grav, gjeldande frå 2018

Festeavgifta for urnegrav er sett til kr 125,- pr år pr grav, gjeldande frå 2018

#### Formannskap/plan- og økonomiutvalet - Sak 18/2018

#### FPØ - Behandling:

Kjartan Haugsnes ba om at sak om livssynsøytrale gravplass vert lagt fram for formannskapet.

Samrøystes vedtak.

#### FPØ - Tilråding:

Vaksdal kommunestyre godkjenner slik auke i festeavgiftene:

Festeavgifta for kistegrav er sett til kr 250,- pr år pr grav, gjeldande frå 2018

Festeavgifta for urnegrav er sett til kr 125,- pr år pr grav, gjeldande frå 2018

#### Saksopplysningar:

Kyrkjeleg Fellesråd sendte 21.12.2017 søknad til kommunen om auke av festeavgift frå 2018.

Festeavgifta skal etter Gravferdslova § 21 fastsetjast av kommunen etter framlegg frå Fellesrådet.

Festeavgiftene vart sist regulert 01.01.2017. Kyrkjegardsdrifta er ei teneste som vert utført for alle innbyggjarane i kommunen. Festeavgiftene er meint å regulere omfanget av festegraver.

Utgiftsnivået på gravplassane har auka kraftig for Vaksdal kyrkjelege fellesråd. Fellesrådet har utfordringar med å finne balanse mellom utgifter og inntekter. Festeavgifter er den einaste inntekta av betyding utanom kommunale tilskot.

Kyrkjeleg fellesråd gjer framlegg om å auka festeavgifta for 2018 frå 200 kr til 250 kr pr år pr kistegrav og frå 100 kr til 125 kr pr år pr urnegrav.

Til samanlikning har me oversikt frå Nordhordland der festeavgifta i Osterøy og Radøy kommunar er kr 350 pr år pr grav og Meland og Lindås kommunar kr 400 pr år pr grav.

### **Vurdering**

I denne saka vert det lagt vekt på framlegg og grunngjeving frå Fellesrådet. Dei viser til at utgiftsnivået på gravplassane medfører behov for å justere festeavgifta.



# DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkjeverja i Vaksdal,  
Pb 113, 5721 Dalekvam

Tlf 56 59 61 20  
Mob. 97 69 75 62

Dale 21.12.17

**Vaksdal kommune**  
**Konsul Jebsens gate 16**  
**5722 Dalekvam**

## **Søknad om auke i festeavgifta frå 01.01.2018**

*Festeavgifta skal etter Gravferdsloven §21 "fastsettes av kommunen etter forslag frå fellesrådet." Det vert med dette søkt om godkjenning for ei auke i festeavgiftene:*

*Kistegraver frå kr 200,- til kr 250,- pr. år. pr grav.  
Urner nedsatt i urnegraver frå kr 100, til kr 125- pr år pr grav.*

## **Kopi av fellesrådsvedtak:**

### **FRsak 36/2017**

### **Auke av festeavgifter i 2018**

Festeavgiftene ligg pr. dags dato på kr 200,- pr år for kistegrav og kr 100,- pr år for urnegrav. Kyrkjeverja ber om at desse vert auka til kr 250 pr. år. for kistegraver og kr 125,- pr. år for urnegraver. Bakgrunnen for dette er den skrale økonomien til Vaksdal kyrkjelege fellesråd, og særskilt mangelen på midlar til å drifta gravplassane på ein god måte

### **Vedtak:**

Fellessrådet vedtar auke av festeavgifta frå kr 200,- til kr 250,- pr. år for kistegrav. Prisen på urnegraver vert auka frå kr 100,- til 125,- pr. år. Dei nye prisane er gjeldande frå 01.01.2018. Saka vert vidare sendt kommunestyre i Vaksdal for endeleg godkjenning.

Med helsing

Bjart-Magnus N Rosvold  
Kyrkjeverje Vaksdal  
Mail: [bjart-magnus@vaksdal.kyrkja.no](mailto:bjart-magnus@vaksdal.kyrkja.no)  
Mobil: 97 69 75 62

Vaksdal kyrkjelege fellesråd  
e-post: [kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no](mailto:kyrkjeverja@vaksdal.kyrkja.no)



## SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
17/2018	Kommunestyret	PS	12.03.2018

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Åse Elin Myking	FE - 056	18/251

### IKT NORDHORDLAND - OMORGANISERING OG UTVIDING

#### Vedlegg:

Vedtekter IKT Nordhordland - endring til § 27  
Mandat for konseptfasen - Ikt Nordhordland - utvidig  
Regionrådet i NH - vedtak i sak 3-2018

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. Vaksdal kommune vedtek omorganisering av IKT Nordhordland til § 27 som eit interkommunalt samarbeid med eit felles styre og dei nye vedtektene som er vedlagt saka.
2. Vaksdal kommune vedtek oppstart av konseptfase som skal utgreie spørsmålet om utviding av samarbeidet, i tråd med vedlagte prosjektmandat.

#### Saksopplysningar:

IKT Nordhordland er leverandør av IKT tenester til kommunane Lindås, Osterøy, Modalen, Vaksdal, Meland, Radøy, Austrheim, Fedje og Masfjorden. IKT Nordhordland vart etablert i 2011 gjennom ein samarbeidsavtale der eininga vart organisert som eit § 28 vertskommunesamarbeid. Osterøy kommune er vertskommune.

Samarbeidet har bidratt til gode og effektive IKT tenester i regionen og samarbeidande kommunar nyter gode og effektive tenester av høg kvalitet.

Krav til digitalisering og utvikling set nye krav til organisering og utvikling av IKT området. Dette medfører at kommunane må revurdere dagens organisering av IKT området. I tillegg har andre kommunar meldt si interesse for å delta i IKT samarbeidet.

På bakgrunn av dette vert det naudsynt å ta stilling til to hovudspørsmål:

- Dagens vertskommunemodell oppfyller ikkje krava til eigenregi i forvaltning av IKT tenestene på vegne av andre kommunar i eit samarbeid. Dette medfører at det er naudsynt med endring i vertskommune modellen. Ei slik endring vil vera viktig del av den formelle styringsmodellen for samarbeidet, med eller utan utviding av samarbeidet med fleire kommunar.
- Opptak av nye samarbeidande kommunar i IKT samarbeidet.

## **Organisering av samarbeidet på IKT området**

For å møte framtidige utfordringar foreslår ein å omorganisere samarbeidet etter kommunelova § 27. Denne ordninga oppfyller lov om offentlege anskaffingar sine krav til unntak for eigenregi. Eigenregi, som legg til grunn at deltakande kommunar har styring over organiseringa i samarbeidet, er ein føresetnad for å vera i samsvar med reglane for offentlege anskaffingar.

Loven stiller krav til at det skal være vedtekter for det interkommunale styret. Minimumskrava til kva vedtektene skal ha som føresegn er:

- a. Styrets samansetning og korleis det vert utpeika
- b. Området for styrets verksemd
- c. Om deltakarkommunane skal gjera innskot til verksemda
- d. Om styret har myndigheit til å ta opp lån eller på annan måte pådra deltakarane økonomiske forpliktingar
- e. Tre ut frå eller oppløysning av samarbeidet

Det er ikkje noko i vegen for at ein fylkeskommune eller kommune kan tiltre eit eksisterande § 27 samarbeid, men dei deltakande kommunane må akseptere det gjennom å endre vedtektene.

I eit interkommunalt styre må alle deltakande kommunar og fylkeskommunar vere representert. Styret si samansetning vil bestå av Rådmennene i kvar kommune. Utan ein slik representasjon ville ein i realiteten ha overdratt vedtak- og styringsmyndigheten til dei andre deltakarane. Når mange deltar i samarbeidet, vil styret kunne verta uhensiktsmessig stort. Det kan difor vere hensiktsmessig at Styret fungerer som eit Representantskap og kan ha eit mindre organ under seg som kan fungere som eit styre. Det høgaste organ vil framleis vera Representantskapet (styret etter reglane i Kommunelova § 27).

## **Orientering om moglegheit for å utvide samarbeidet**

IKTNH har motteke interesse frå fleire kommunar i Hordaland om å delta i IKT samarbeidet. Med bakgrunn i dei satsingane som no kjem i kommunesektoren, vil mange av kommunane ha ei stor utfordring med kompetanse, kapasitet og økonomi til å henge med på den utviklinga som skjer. I dette skjeringspunktet vil IKTNH kunne tilfredsstille behova som dei interesserte kommunane har til IKT-driftstenester og -tenester, men som dei sjølv ikkje vil ha kapasitet til å drifte og utvikle. For desse kommunane vil eit samarbeid med Nordhordland regionen på IKT vera særskilt aktuelt.

Det representerer ei stor moglegheit for kommunane og byggje verdi på dei investeringane som er gjort på IKT infrastruktur. Samtidig vil regionen markere seg som ein sentral og viktig part i vidareutviklinga for IKT i Hordaland. Dette er også støtta av Fylkesmannen som ynskjer økt grad av

samarbeid, slik at kommunar som ikkje har evne til å utvikla seg får eit IKT fagleg løft.

Organisering av IKTNH som eit §27 selskap legg til rette for ei utviding av samarbeidet om det skulle vere ønskjeleg frå kommunane i Nordhordland.

Ei konseptfase vil avklare grunnlaget for ei utviding av IKT samarbeidet med fleire kommunar. Resultatet av konseptfasen vil verta framlagt regionrådet for eit vedtak om eventuelt å gå vidare med eit planleggingsprosjekt. Eit planleggingsprosjekt vil danne grunnlaget for ei utgreiing om eit endeleg vedtak om utviding av samarbeidet. Denne utgreiinga med forslag til vedtak vert framlagt kommunestyrene i Nordhordland for endelege vedtak.



**Vurdering**

Ei endring frå vertskommunemodell til § 27 er naudsynt for å oppfylle gjeldande lovkrav og vil samstundes legge til rette for utviding av dagens samarbeid. Gode Ikt-tenester er ein føresentnad for auka digitalisering i kommunane. Grunnlaget som er lagt i IKTNH gjev mogelegheiter for utviding og styrking av drifta gjennom å ta inn andre kommunar i samarbeidet. Det kan gje positive gevinstar i form av meir effektiv drift og auka digitalisering i kommunane. Rådmann tilrår kommunestyret å fatte likelydande vedtak som i samarbeidskommunane.

## Vedtekter - IKT Nordhordland

Vedtatt xx.xx.2018

### § 1 Parter og heimel

Desse vedtektene er fastsett i medhald av kommunelova § 27.

IKT Nordhordland er eit interkommunalt samarbeid mellom kommunane:

Osterøy	(Org nr. 864 338 712)	Radøy	(Org nr. 954 748 634)
Lindås	(Org nr. 935 084 733)	Austrheim	(Org nr. 948 350 823)
Modalen	(Org nr. 964 969 302)	Fedje	(Org nr. 944 041 036)
Vaksdal	(Org nr. 961 821 967)	Masfjorden	(Org nr. 945 627 913)
Meland	(Org nr. 951 549 770)		

Frå 01.01.20 overtar Alver kommune eigardelane, rettane og pliktane til Lindås kommune, Meland kommune og Radøy kommune som ein deltakar i samarbeidet.

### § 2 Rettsleg status

IKT Nordhordland er ikkje eige rettssubjekt.

### § 3 Kontorkommune

Osterøy kommune er kontorkommune for samarbeidet.

### § 4 Formål

Samarbeidet skal ivareta samarbeidskommunane sine oppgåver innan IKT knytt til drift, driftstøtte, service, informasjonssikkerheit, samt utvikling, implementering og forvaltning av kostnadseffektive driftsløysingar og tenester.

### § 5 Innskot, eigardel og innbyrdes ansvar mellom samarbeidskommunane

Samarbeidskommunane har ikkje forplikting om innskot til IKT Nordhordland. Det må føreliggja bindande vedtak frå alle samarbeidskommunar dersom samarbeidskommunane skal vera forplikta til å gjera innskot.

Eigardelane i samarbeidet er fastsett i forhold til innbyggartalet i dei deltakande kommunar.

Eigardelen vert justert årleg i forhold til endring i folketalet i samarbeidskommunane, basert på SSB sin statistikk på innbyggartal per 31. desember.

Eigardelane på avtaletidspunktet for gjeldande vedtekter (baserer seg på folketalet pr. 31.12.16):

- Austrheim kommune 2884 innbyggjarar som gir ein eigardel på 6,2%
- Fedje kommune 587 innbyggjarar som gir ein eigardel på 1,3%
- Lindås kommune 15730 innbyggjarar som gir ein eigardel på 33,8%
- Masfjorden kommune 1710 innbyggjarar som gir ein eigardel på 3,7%
- Meland kommune 8021 innbyggjarar som gir ein eigardel på 17,2%
- Modalen kommune 383 innbyggjarar som gir ein eigardel på 0,8%
- Osterøy kommune 8026 innbyggjarar som gir ein eigardel på 17,2%
- Radøy kommune 5128 innbyggjarar som gir ein eigardel på 11,0%
- Vaksdal kommune 4123 innbyggjarar som gir ein eigardel på 8,8%

## § 6 Ansvar

Samarbeidskommunane heftar med heile sin formue for sin pro rata eigardel av samarbeidet sine samla forpliktingar.

Dersom ein samarbeidskommune ikkje gjer opp sine forpliktingar i samsvar til sin pro rata eigardel, og dei andre samarbeidskommunane gjer opp slike økonomiske forpliktingar på vegne av ein annan deltakar i samarbeidet, har dei eller den samarbeidskommunen som har gjort opp den økonomiske plikta rett til å krevja tilsvarende beløp tilbakebetalt frå den ansvarlege samarbeidskommunen gjennom eit regresskrav, med tillegg av renter.

## § 7 Organisering av samarbeidet

Samarbeidet er organisert gjennom tre organ; representantskap, styre og dagleg leiar.

## § 8 Representantskapet og styret

Det høgaste organet er representantskapet. Representantskapet skal bestå av rådmenn i dei samarbeidande kommunane.

Representantskapet vel eit styre som består av fem rådmenn og tre varamedlem i rekkefølge frå representantskapet.

Representantskapet vel leiar og nestleiar i styret. Styret vert valt for to år om gongen.

Rådmann i kontorkommunen og rådmann i Lindås (rådmann i Alver kommune frå 01.01.2020) har fast plass i styret.

Dagleg leiar for samarbeidet har møte- og talerett i representantskapet og i styret.

## § 9 Representantskapet og styret sine oppgåver

Representantskapet har ansvar for:

- mål og strategi for drifta
- budsjett, årsplanar og investeringar
- status budsjett og tenesteleveransar
- årsrapport

Styret har ansvar for:

- oppfølging av mål og strategi

- oppfølging av IKT Nordhordland og dagleg leiar
- oppfølging av vedtak som ligg innanfor rammer av budsjett og investeringsrammer
- å representera samarbeidet utad
- å rapportera til representantskapet på budsjett og tenesteleveransar
- å delegera fullmakter og ansvar til dagleg leiar
- at det vert inngått ein tenesteleveranseavtale (TLA) mellom IKT Nordhordland og den enkelte kommune.

Styret har signaturrett på vegne av samarbeidet.

### **§ 10 Representantskapet og styret sine møte**

Representantskapet skal møtast minimum to gongar årleg. Leiar for styret står ansvarleg for innkalling til møte i representantskapet og leiar møtet.

Samarbeidskommunane har ei stemme kvar i representantskapet. Vedtak i representantskapet krev 2/3 fleirtal.

Leiar kallar inn til styremøte så ofte leiaren finn det nødvendig, eller når minst eitt medlem krev det, likevel slik at det vert halde minst fire styremøte i løpet av året.

Innkalling til styremøte skal skje skriftleg til kvart styremedlem minst 10 dagar før møtedato. Leiar sørger for at det blir ført protokoll frå møtet, og at protokollen vert godkjend av styret. Protokollen skal sendast til styret og representantskapet etter slutført møte.

Representantskapet og styret kan gjera vedtak når minst to tredeler av medlemmene er til stades.

Styret fattar vedtak med alminneleg fleirtal. Ved votering i styret skal kvar stemme telja likt, ei stemme pr. styremedlem. Ved likt stemmetal er møteleiaren si stemme avgjerande.

### **§ 11 Dagleg leiar**

Samarbeidet skal ha ein dagleg leiar.

Dagleg leiar er ansvarleg for dagleg leiing av samarbeidet og skal følgje retningslinjer og pålegg som styret har gitt.

### **§ 12 Samarbeidets budsjett, rekneskap og revisjon**

Samarbeidet skal nytta same budsjett- og rekneskapsår samt økonomiplan som kommunane. Dei gjeldande føresegner for kommunale budsjett og rekneskap gjeld også for samarbeidet.

Representantskapet vedtar gjeldande prinsipp for kostnadsdeling mellom samarbeidande kommunar.

### **§ 13 Låneopptak**

IKT Nordhordland kan ikkje ta opp lån.

### **§ 14 Endring av vedtektene**

Kommunestyret i alle samarbeidskommunane skal vedta endringar i vedtektene. Vedtaka skal vera likelydande i alle samarbeidskommunane.

## § 15 Opptak av nye samarbeidskommunar

Kommunestyret i alle samarbeidskommunane skal godkjenne opptak av nye samarbeidskommunar.

## § 16 Tre ut, oppløysning

Etter vedtak i kommunestyret kan ein samarbeidskommune tre ut av samarbeidet ved skriftleg varsel til styret. Styret har i slike tilfelle ansvar for å kalla inn til møte i representantskapet der saka vert lagt fram for handsaming.

Ein samarbeidskommune kan tre ut av samarbeidet etter skriftleg varsel til styret. Uttreden kan tidlegast finna stad to år etter at skriftleg varsel om oppseiing er sendt, og setjast i verk frå det påfølgjande årsskifte. Dette kan avvikast etter avtale mellom kommunen det gjeld og representantskapet.

Utløysingssum vert fastsett etter reglane i kommunelova § 27 nr. 3.

Oppløysing av samarbeidet kan berre skje dersom samarbeidskommunane er einige om det. Ved oppløysing skal samla pliktar, ansvar og verdiar i IKT Nordhordland delast på deltakarkommunane etter gjeldande eigardel på oppløysingstidspunktet.

Ved uttreden eller oppløysing, er verksemda pliktig til å levera tenester i oppseiingsperioden i samsvar med Tenesteavtalene/SLA. Verksemda er pliktig til å bidra til å gjera overgangen så effektiv og rasjonell som mogeleg.

## § 17 Tvisteløysing

Tvist om forståing av avtalen skal avgjerast av ei voldgiftsnemnd på tre medlemmer oppnemnt av fylkesmannen.

## § 18 Øvrig

Vedtektene skal signerast av samarbeidskommunane.

Dato: xx.xx.2018

Ordfører i Austrheim

Ordfører i Fedje

Ordfører i Lindås

Per Lerøy

Stian Herøy

Astrid Aarhus Byrknes

Ordfører i Masfjorden

Ordfører i Meland

Ordfører i Modalen

Karstein Totland

Øyvind Oddekalv

Tom Kristian Thorsen

Ordfører i Osterøy

Ordfører i Radøy

Ordfører i Vaksdal

Jarle Skeidsvoll

Jon Askeland

Eirik Haga



# Mandat for konseptfasen

## IKT NORDHORDLAND UTVIDING AV SAMARBEIDET

Fyll ut denne ved behandling, ved BP1.

<b>Prosjektnummer:</b>	<b>Saksnummer:</b>	
<b>Behandla dato:</b>	<b>Behandla av (ansvarleg linjeleiar):</b>	<b>Utarbeidd av:</b> Arthur Berg Reinertsen
<b>Vedtak:</b> Kommunane i Nordhordland vedtek oppstart av konseptfase som skal utgreie spørsmålet om utviding av samarbeidet		
<b>Bemanning av neste fase</b> Leiar av utgreiingsarbeidet: Arthur Berg Reinertsen Andre: Thomas Rønn-Aar, Lars Tveit		<b>Neste fase ferdig:</b> 30. april 2018
<b>Signatur ved godkjenning (BP1): Åse Elin Myking</b>		

## Innhald

1. Bakgrunn.....	3
2. Føremålet med eit eventuelt prosjekt.....	3
2.1. Kva behov skal dekkast? .....	3
2.2. Kva endringer skal prosjektet skape? .....	3
3. Idé til eit nytt prosjekt.....	3
3.1. Forslag til tilnærming .....	3
3.2. Er anskaffing av varer og tenester aktuelt? .....	4
4. Tidsramme og ressursbehov for konseptfasen.....	4
5. Organisering og ansvar .....	4
6. IT-politiske føringar.....	4



## 1. BAKGRUNN

IKTNH har motteke interesse frå fleire kommunar i Hordaland om å delta i IKT samarbeidet til Nordhordland. Med bakgrunn i dei satsingane som no kjem i kommunesektoren, vil mange av kommunane ha ei stor utfordring med kompetanse, kapasitet og økonomi til å henge med på den utviklinga som skjer. I dette skjeringspunktet vil IKTNH kunne tilfredsstille behova som dei interesserte kommunane har til IKT-driftstenester og -tenester, men som dei sjølv ikkje vil ha kapasitet til å drifte og utvikle. For desse kommunane vil eit samarbeid med Nordhordland regionen på IKT vera særskilt aktuelt.

Organisering av IKTNH som eit §27 selskap legg til rette for ei utviding av samarbeidet om det skulle vere ønskeleg frå kommunane i Nordhordland.

Forankring og føresetnader:

<b>Vedtak i Nasjonale fora, Regionråd, Kommune:</b>	Vedtak i RU og Regionrådet
<b>Avhengigheiter og føresetnader:</b>	Regionale tiltak på IKT og Digitalisering i regi av KS. Prosjekt digitalisering i Hordaland med blant anna Bergens – Samarbeidet.

## 2. FØREMÅLET MED EIT EVENTUELT PROSJEKT

### 2.1. Kva behov skal dekkast?

Prosjektet skal utarbeide ein konseptstudie med formål å etablere dialog med kommunar og andre IKT samarbeid for samarbeid med Nordhordland. Prosjektet skal beskrive moglegheiter, risiko, gevinstar, leveransar, kostnader, forutsetningar og styrings-/samarbeidsalternativ.

Lage grunnlag for å søke om finansiering frå KS, Fylkesmannen og andre.

### 2.2. Kva endringar skal prosjektet skape?

Konseptstudie med rapport for å utvikle grunnlaget for utviding av samarbeidet til fleire kommunar.

## 3. IDÉ TIL EIT NYTT PROSJEKT

### 3.1. Forslag til tilnærming

Prosjektet vil adressere fylgjande tema og aktivitetar:

- Beskrive mogleg målbilete
- Beskrive, kartlegge og analysere moglegheiter, økonomiske konsekvensar for kommunane, risiko for kommunane ved utviding av samarbeidet og i eventuell gjennomføring, gevinstar, kostnader, forutsetningar og styrings/samarbeidsalternativ.
- Utarbeide forslag til kostnadsdeling
- Dialog med kommunar og IKT samarbeid på Vestlandet
- Dialog med sentrale interessentar. Eksempelvis KS og Fylkesmannen

- Arbeidsgrupper
- Dokumentasjon og utarbeiding av rapport.

Ein viktig føresetnad for samarbeidsdiskusjonane med andre kommunar er korleis ein skal organisere overordna IKT leing og digitaliseringsarbeidet i vår region. Dette vil verte tema i eit anna prosjekt som vil gjennomførast i parallell med prosjektet som er beskrive her.

### **3.2. Er anskaffing av varer og tenester aktuelt?**

Bruk av ekstern konsulent.

## **4. TIDSRAMME OG RESSURSBEHOV FOR KONSEPTFASEN**

Konseptfasen skal vera slutført innan 30 april 2018.

Ressursbruk og kostnader: Bruk av egne ressursar ca. to månadsverk. Bruk av ekstern konsulent ca. eit månadsverk.

## **5. ORGANISERING OG ANSVAR**

Leiar IKT Strategi og utvikling har ansvar for gjennomføring av prosessen. Prosjektet rapporterer til Strategigruppa på IKT i Nordhordland.

## **6. IT-POLITISKE FØRINGAR**

Viser til kapittel 1 og punktet Forankring og føresetnader

**PROTOKOLL**  
**MØTE I REGIONRÅDET NORDHORDLAND**

<b>Møte:</b>	<b>1-2018</b>
<b>Tid:</b>	<b>Onsdag 31. januar kl. 15.30 – 18.15</b>
<b>Stad:</b>	<b>Nordhordland Utviklingsselskap IKS</b>

**Til stades:**

<b>Ordfører:</b>	Karstein Totland, Astrid Aarhus Byrknes, Tom Kristian Thorsen, Øyvind Oddekalv, Jon Askeland, Per Lerøy, Jarle Skeidsvoll, Stian Herøy,
<b>Rådmenn:</b>	Svein Helge Hofslundsengen, Jarle Landås, Martin W. Kulild, Jo Bjarte Tømmerbakke, Ørjan Raknes Forthun, Ingebjørg Vamråk
<b>NUI:</b>	Rune Heradstveit, Bent Gunnar Næss
<b>Andre:</b>	Lars Tveit
<b>Forfall:</b>	Ingvild Hjelmtveit, Hallvard Oppedal, Reidun Halland, Jan Olav Osen

Sak 1/18	<b>Godkjenning, møteinnkalling og sakliste</b> Møteinnkalling og sakliste vart godkjent utan merknadar.
Sak 2/18	<b>Godkjenning protokoll møte 3-2017</b> Møteprotokoll frå møte 3-2017 vart godkjent utan merknadar.
Sak 3/18	<p><b>IKT Nordhordland - utviding av samarbeidet - og endring frå å vera eit vertskommunesamarbeid etter kommunelova §28 til eit interkommunalt samarbeid etter kommunelova §27.</b></p> <p><b>Saksvedlegg/notat:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Utkast til sak kommunane</li> <li>• Vedteker – IKT Nordhordland – utkast – revidert utkast vart lagt fram i møte</li> <li>• Mandat for konseptfasen – IKT Nordhordland Utviding av samarbeidet</li> </ul> <p><b>Bakgrunn for saka:</b> Denne saka vart drøfta på Regionrådet sin tur til Gardermoen 4. og 5. januar.</p> <p>IKT Nordhordland er i dag organisert som eit § 28 vertskommunesamarbeid. Osterøy kommune er vertskommunen.</p> <p>For å møta framtidige utfordringar foreslår ein å omorganisera samarbeidet etter kommunelova § 27. Denne ordninga oppfyller lov om offentlege anskaffingar sine krav til unntak for eigenregi. Eigenregi legg til grunn at deltakande kommunar har styring over organiseringa i samarbeidet. Det er ein føresetnad for å vera i samsvar med reglane for offentlege anskaffingar.</p> <p>IKT Nordhordland har kapasitet til å drifta fleire kommunar enn det ein gjer i dag. Det vil kunne gi ei endå meir rasjonell drift. Organisering av IKTNH som eit §27 selskap legg til rette for ei utviding av samarbeidet om det skulle vere ønskjeleg for kommunane i Nordhordland.</p>

	<p>På Gardermoen vart det satt ned ei arbeidsgruppe som skulle jobbe med desse to spørsmåla og det var:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Ingvild Hjelmtveit</li> <li>• Ørjan Raknes Forthun</li> <li>• Ingebjørg Vamråk</li> <li>• Thomas Rønn Aar</li> <li>• Arthur Berg Reinertsen</li> <li>• Lars Tveit var med som sekretær for gruppa</li> </ul> <p>Arbeidsgruppa tilrår at IKT Nordhordland vert eit § 27 selskap og at det vert satt i gong eit arbeid for å sjå på grunnlaget for ei utviding (fleire kommunar) av samarbeidet.</p> <p><b>Skjedde i møte :</b></p> <p>Lars Tveit innleia og orienterte om arbeidet i arbeidsgruppa og prosessen som der har vore og kvifor elskapet bør bli eit § 27 selskap. Det vart også orientert om kvifor det kan vera aktuelt å vurderer om IKT Nordhordland bør utvidast til å gjelda fleire kommunar.</p> <p>Forslaget til vedtekter vart gjennomgått i møte og mindre justeringar vart gjort.</p> <p>Det var ein grundig diskusjon om vegen vidare og korleis prosessen ved eventuell utviding av IKT Nordhordland til å gjelde fleire kommunar, bør vera.</p> <p>Regionrådet var einig om at det var viktig at denne saka vart handsama av kommunestyra så raskt som mogeleg.</p> <p><b>Samrøystes vedtak :</b></p> <p>Regionrådet stiller seg bak forslaget om at IKT Nordhordland vert eit § 27 selskap og at forslaget til vedtekter vert vedteke slik dei ligg føre.</p> <p>Regionrådet ser det som ønskeleg at ein kjem i gong så raskt som mogeleg med å sjå på mogelegheita for å utvida det interkommunale samarbeidet med nye kommunar. Regionrådet tilrår at det vert starta opp eit arbeid med konseptfase som skal utgreia spørsmålet om utviding i samsvar med vedlagte prosjektmandat. Det skal avklare grunnlaget for ei eventuell utviding av IKT-samarbeidet med fleire kommunar. Rapporten frå konseptfasen vil bli handsama av kommunane før det vert bestemt om det vidareførast i eit planleggingsprosjekt som skal danne grunnlaget for eit endeleg vedtak om utviding av samarbeidet.</p> <p>Regionrådet tilrår at kommunane gjer følgjande likelydande vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. IKT Nordhordland vert organisert etter kommunelova § 27 som eit interkommunalt samarbeid med eit sams styre. NN kommune vedtek forslaget til vedtektene (§27) for IKT Nordhordland slik dei ligg føre.</li> <li>2. NN kommune er positiv til utviding av samarbeidet og vedtar oppstart av konseptfase som skal utgreia spørsmålet om utviding av samarbeidet, i tråd med vedlagte mandat.</li> </ol>
Sak 4/18	<b>Eventuelt</b>
	<p><b>Nedlegging av Bergen fengsel avd. Osterøy (Ulvsnesøy)</b></p> <p>Jarle Skeidsvoll orienterte om at Kriminalomsorgsdirektoratet / Justisdepartementet har gjort vedtak om at Bergen fengsel avd. Osterøy (Ulvsnesøy) vil bli lagt ned innan 1. juli 2019. Bakgrunnen for dette er at Stiftelsen Ulvsnesøy, som er eigar av øya, ynskjer å selja. Justisdepartementet har, etter anbefaling frå Kriminalomsorgsdiriktoratet (KDI) valt å ikkje akseptere tilbodet om kjøp. Det er grunngeve ut frå to forhold:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Statsbygg ser for seg at det må oppgraderast betyeleg</li> <li>• Behovet for opne soningsplasser vil iflg. prognosane vera synkande i åra som kjem.</li> </ul> <p>KDI er tydeleg på at avgjerda kjem til tross for at kvaliteten på arbeidet som skjer ved avdelinga</p>

held eit svært høgt nivå.

Osterøy og Vaksdal kommune har protestert mot forslaget og har oppmoda sterkt om at vedtaket om nedlegging av drifta vert omgjort.

Regionrådet ynskjer også å gi ein uttale der ein støttar fortsatt drift ved Bergen fengsel avd. Osterøy på Ulvsnesøy.

Regionrådet støttar kommunane Osterøy og Vaksdal sitt arbeid for å hindra at avdelinga vert lagt ned.

**Samrøystes vedtak :**

Regionrådet i Nordhordland er svært negativ til at Bergen fengsel avd. Osterøy på Ulvsnesøy vert lagt ned. Dette er ei fengselsavdeling med ein fysisk føresetnad som gir heilt unike forhold for drifta.

Regionrådet meiner det er sær mange og gode argument for at det framleis bør vere drift ved Bergen fengsel avd. Osterøy på Ulvsnesøy:

1. Fengselet sine fysiske føresetnader, tilbod om utdanning, arbeid, aktivitet og samhandling mellom innsette og tilsette gjer tilbodet på Ulvsnesøy unikt. Avdelinga har sær gode resultat over lang tid – både fagleg og menneskeleg. Avdelinga kan òg vise til sær god rehabilitering.
2. Kriminalomsorgsdirektoratet arbeider no med ei konseptvalutgreiing (KVU) for det samla tilbodet i region vest. Det er naturleg at tilbodet ved Bergen fengsel avdeling Osterøy vert vurdert i samband med dette.
3. Avdelinga i Osterøy representerer statlege kompetansearbeidsplassar i distriktet. Dei 40-50 tilsette kjem frå mange av kommunane i nærleiken (Osterøy, Vaksdal, Voss, Bergen, mfl.). Ei nedlegging vil, utan tvil, føre til ei uønskt sentralisering av statlege kompetansearbeidsplassar.
4. Avdelinga i Osterøy er viktig for lokalt næringsliv gjennom kjøp av varer og tenester. Dette gjeld særskilt bygdene Bruvik i Osterøy kommune og Vaksdal i Vaksdal kommune.
5. Nedlegginga av fengselsavdelinga i Osterøy kan kanskje gje reduserte kostnader i eit kort og avgrensa perspektiv. Det er i vedtaket til Justis- og beredskapsdepartementet ikkje gjort greie for konsekvensane i eit breiare samfunnsøkonomisk og menneskelig perspektiv. Kriminalomsorga sitt samfunnsoppdrag handlar mellom anna om å gjera innsette betre i stand til eit lovlydig liv etter fullført straff. Det er feil å legge ned ei avdeling som bidreg positivt til dette. Regionrådet i Nordhordland meiner at ei nedlegging av fengselsavdelinga i Osterøy vil vera ei dyr løysing på sikt.

Regionrådet i Nordhordland vil sterkt oppmoda Justis- og beredskapsdepartementet om å gjera om vedtaket om nedlegging av drifta ved Bergen fengsel avdeling Osterøy på Ulvsnesøy. Drifta av denne avdelinga må vurderast i samband med konseptvalutgreiinga (KVU) som no er under arbeid i direktoratet.

Det vil vere eit stort tap om avdelinga skulle bli lagt ned.


Regionrådet i Nordhordland meiner at Bergen fengsel avd. Osterøy (Ulvsnesøy) slik den har blitt drevet og den unike plasseringa, har ein stor verdi i kriminalomsorga.

Ulvsnesøy og andre mindre fengsel viser seg å gje svært gode rehabiliteringsresultat. Det vil vere eit stort tap om den skulle bli nedlagt. Den gir også viktige kompetanse arbeidsplassar i eit distrikt som det vil vera vanskeleg å få erstatta med nye arbeidsplassar.

Regionrådet meiner også at det gir feil signal om å leggja fengselsplassar i Noreg og å senda innsette til Nederland.

Regionrådet ser det som naturleg at kommunane Osterøy og Vaksdal tek kontakt med Bergen fengsel avd. Osterøy (Ulvsnesøy) for å fremme desse synspunkta og få til ein dialog om kva som skal til for at drifta kan fortsette.

Knarvik, 31. januar 2018



Karstein Totland

Leiar

Regionrådet Nordhordland



Rune Heradstveit

Dagleg leiar

Nordhordland Utviklingsselskap IKS